

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Vevning.

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Det er ikkje mykje kjenneskap eg har til dette emnet. Det er berre einskilde minne frå barne åra, då det vart vove heime i huset - av mor og sytrer.

Eg kan ikkje hugsa at det vart vorve anna ytretyp til mannfolka enn ~~X~~ "busseronsty" - omlag same sort som no heiter dongery. Vanlegvis var det blått, men kunde også vera stripepet av svart og kvitt e.l.

Men det var dei i bygda som brukte "himavove" ty i stasklærne. Dette kalla dei "vemmål" (vemmålsklær).

"Blusaty" til smågutar vart alltid vove heime. Det var vanlegvis same sorten som vart vove til kvinnekjær. Men det var helst stripepet til blusar og tilsvarende bukser. Kvinneklærne kunne oftast vera "jam-leter"

Ty til underkjær vart vanlegvis vove heime både til menn og kvinner. Det var "vemmål" (grått eller kvitt - til menn og til eldre kvinner, og det var "leret" -kvitt - til gjentene.

Sengeomheng kunde vera som kjoletyret og blusetyret. Det var vove på same måten og kunde vera jamleta eller stripepet.

Laken og putever vart vove heime, Vanlegvis var det viss same sorten som "lerret" til under-kvendeklær. Puteværa kunde vera ymse slags. Dei øverste var vanlegvis kvite. Under kunde vera ty med stripa i og gjerne med ein grovere vevnad.

Heimeovne dukar og servisettar hugsar eg ikkje noko til. Håndklær vart derimot alltid vove. På desse kunde vera ymse slags vevingsmåte og kulör. Oftast var det visst kvit botn med stripa i endane.

Åklær og golvtepper (golvdekken) vart alltid vovne heime. Golvdekkena vart vovne med den aller enklaste vevingsmåte ~~og~~. Det var hyssing til "renning" og gamle klær ("filler") ~~til~~ som vart klypte i strimlar, til innslag. Til "kvardagsdekken" vart fillene brukta som dei var, berre med ymse sorteringar. Til "finare" dekken vart "fillene" fargå slik at det vart einsarta "botn" og einsarta stripa mellom.

Namnet på vevemåten for dei einskilde ting, hugsar eg lite til. Eg hugsar berre at dei tala om "einskjefta" og "tviskjefta". Lerret kunde visst vera både av einskjefta og toskjefta. Det toskjefta var visst tjukkare enn det einskjefta og det såg ut som dei innvovne

9690

9690

trådane låg i små siksa k-liner.

Åklærne hadde alltid sitt eige mønster. Det var der berre tale om "åklævevnad". Fargane kunde derimot vera nokså ymse.

Sengetepper - "kvitlar" - vart visst vove på same måten som "vemmål".

Vemmål måtte allt "tövast" dersom det ikkje kunde sendast til "stampå" til stampings.

Laken og kvite underkkær m.v. vart "lagt på bleik". Klærne vart straks ut ute på marka, der det helst måtte liggja både i solskin og regn for å verta fint kvite.

II Eg kjenner ikkje andre namner enn det som er nemnt ovanføre om "åklævevnad". Truleg er denne så vanleg og så godt kjent at det er uturvande med nærmare forklaring.


Særemne 8

"Beregning ved veving".

Har di verre lite minne også etter dette

1. Eg tykkjест hugaax at mor hadde serreglar for lengde og bredde på dei sinskilde sorter, men eg kann ikkje klara å ta det igjen.
2. Bredda vart rekna i alner.
3. Trådane vart talde i "tju". Eg trur helst dei rekna med så og så mange tju på heile breidda. Ordet "bamser" kjenner eg ikkje til.
4. Om dette minnest eg ikkje noko serleg.
5. Som nemnt ovanføre, tykkjест eg hugsa at mor hadde ymse slags "berekingar" og garn m.v. i veven, men eg kann nok ikkje forklara meir om det.

Avaldsnes den 6/7 1954



Peder Skeie

gjennem -
slag
under
fan - b

9690

9690